



ROVVILTNEMNDA I REGION 1

Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Rovviltnemnda region 1 (pr epost)

Dykkar ref:

Vår ref.:
2013/886

Arkivnr.:
433.52

Dato:
04.04.2013

Protokoll frå møte i rovviltnemnda 20.03.2013

Frå nemnda møtte Noralv Distad, Oddny Omdal, Marit Barsnes Krogsæter og Sveinung Stensland. Sveinung Valle melde forfall. Frå sekretariatet møtte Birger Aasland og Anders Braa.

Før ordinært møte fekk organisasjonane høve til å gje innspel til nemnda. Arne Rebni Øverås frå beitelaga i Indre Sogn og Svein Haukom frå Vest-Agder sau og geit hadde synspunkt på fleire av sakene som blei handsama på møtet. Elles møtte Magne Jakob Bjørheim frå Rogaland sau og geit og Arve Aarhus frå skadefellingslaga i Sogn og Fjordane og Rogaland.

Møtedatoar for 2013 blir 29. mai i Bergen og 28. august i Sogndal.

01/13: Fordeling og prioritering av budsjett for førebyggjande og konfliktdempande tiltak i 2013. Driftsbudjett for nemnda og kompensasjon til sekretariatet. Vedtak

Nemnda meiner budsjettet for FKT er for lite, og vil i eige brev til DN be om auke i åra som kjem. Rammetildelinga i år er ikkje tilstrekkeleg for å oppnå intensjonane bak rovviltforliket.

Fordelinga av budsjettet mellom fylka og avsetting til akutte tiltak i beitesesongen er stort sett i samsvar med framlegget frå sekretariatet. Nemnda har justert budsjettet til FKT slik at Vest-Agder får 20 000 meir, og tilsvarande mindre til Sogn og Fjordane. Dessutan får dei same fylka 25 000 meir til tenestekjøp (1427.21), og Rogaland tilsvarande 50 000 mindre.

Grunngjeving for det siste er at det ikkje er aktuelt å starta nye prosjekt i regi av nemnda i år. Punkt 4 er og justert slik at det blir gitt høve til å styrke drift av fylkesvise skadefellingslag, også utanom fellingsaksjonar.

Nemnda går inn for å halde fram med vaktordning for fylkesmennene tilsvarande som i fjor.

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 1
c/o Fylkesmannen i Rogaland
Miljøvernavdelinga
Postboks 59
4001 Stavanger

Leiar for rovviltnemnda:
Noralv Distad
Postboks 53, 5741 Aurland
Telefon: 91374976
noralv.distad@sfj.no
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:
Anders T. Braa, viltforvaltar
Telefon: 51568914
anders.braa@fmro.no

Vedtak

1. Rovviltnemnda i Region 1 fordeler tilskotsramme til førebyggande og konfliktdempande tiltak, kjøp av tenester og drift av rovviltnemnda på dette viset for 2013:

Tilskot FKT	Kap/post	Tilskot etter søknad	Akutte tiltak
FM Sogn og Fjordane	1427.73	210 000	100 000
FM Vest-Agder	1427.73	160 000	100 000
FM Hordaland	1427.73	30 000	10 000
FM Rogaland	1427.73	20 000	120 000*

* 90 000 er allereie belasta utgifter

	Kap/post	Tenestekjøp	Løn og drift nemnda	Kompensasjon sekretariat	Vaktordning
FM Sogn og Fjordane	1427.21	125 000			25 500
FM Vest-Agder	1427.21	125 000			25 500
FM Hordaland	1427.21				25 500
FM Rogaland	1427.21	100 000	198 000	150 000	25 500

Fordelinga mellom fylka i regionen blir etter dette slik:

	1427.73	1427.21 tenestekjøp	1427.21 drift og løn
FM Sogn og Fjordane	310 000	125 000	25 500
FM Vest-Agder	260 000	125 000	25 500
FM Hordaland	40 000		25 500
FM Rogaland	140 000	100 000	373 500
Til saman	750 000	350 000	450 000

2. Det skal ikkje utbetalast tilskot til reine tilsynsprosjekt utan i kombinasjon med andre tiltak. Fylkesmennene har høve til å sette av ytteligare midler til reserve dersom det ikkje er omsøkt tilstrekkeleg beløp frå søknadar som kvalifiserer til tilskot.

3. Det er sett av store beløp i reserve, det vil seie til akutte behov i beitesesongen. Nemnda vil oppmode fylkesmennene til å sjå nærare på om det kan vere aktuelt å nytte eventuelle beløp som står att etter beitesesongen er ferdig til nye tiltak eller forbetring av eksisterande tiltak. Reservebeløpet kan og nyttast til finansiering av former for dialog med involverte organisasjonar i fylket. Frigjorte beløp som følgje av avslag eller reduserte tilskot til søknadar er reserver til akutte tiltak.

4. Tilskot skal vere retta inn mot spesifiserte tiltak men kan og nyttast til drift av skadefellingslag utanom fellingsaksjonar.

5. Fylkesmennene må ta høgde for godtgjering av skadefellingslag etter gjeldande satsar.

6. Bruk av tilskot til tidleg sanking skal vere i samsvar med forvaltningsplan for Region 1 (kap 8).

7. For å få tilskot til førebyggande eller konfliktdempande tiltak skal tiltaket avklarast med fylkesmannen på førehand. Tilsegn skal vere skriftleg.

8. Tildelinga på 1427.21 kan nyttast til kjøp av tenester for å styrke arbeidet med førebyggande og konfliktdempande tiltak.

9. Det er ikkje høve til å engasjere personell hos fylkesmannen for gjennomføring av førebyggande tiltak.

10. Tilskot frå 1427.73. skal prioriterast til tiltak retta mot husdyr. Fylkesmannen kan likevel nytte delar av ramma til andre førebyggande tiltak, jf forvaltningsplanen kap.8.

11. Mottakar av tilskot skal rapportere bruken til Fylkesmannen innan 1. desember 2012. Rapporten skal innehalde ei evaluering av tapsreducerande eller konfliktdempande effekt. Fylkesmannen skal rapportera bruken av tilskotsmidla innan 15. januar 2012 til DN og rovviltnemnda. Fylkesmannen skal og rapportera effektar av tilskotet så godt det let seg gjera.

Dette vedtaket er ikkje eit einskildvedtak etter forvaltingslova, og kan ikkje påklagast.

02/13: Status for rovvilt i regionen i vinter og skadepotensialet for beitesesongen 2013. Kommunikasjon med DN om eventuelle ekstraordinære uttak ?

Braa gjekk kort gjennom rovviltbestandane i regionen og fellingsresultat så langt det lot seg gjere ut frå status i Rovbase og opplysningar tilsend frå Rein Arne Golf i SNO.

Bekymringsmeldinga om ulv frå næringsorganisasjonane i Vest-Agder blei tatt opp i møtet. Leiar tar kontakt med DN mot slutten av lisensfellingsperioden for ulv for å synleggjere behov for ekstraordinært uttak. Etter møtet mottok sekretariatet melding frå viltforvalter Tor Punsvik i FM Vest-Agder om at ulv er felt på lisensfellingskvote i Lardal den 23.03. Etter dette er kvota fylt. Leiar har allereie hatt kontakt med DN om behov for ekstraordinær felling av jerv, men tar dette opp igjen. Bruk av SNO er aktuelt.

03/13: Forslag om kvotefri felling av gaupe og jerv i regionar utan forvaltningsmål.

Nemnda var usikre på verknadane av forslaget, og vedtok å utsetje handsaming av saka til møtet i mai.

04/13: Revisjon av forvaltningsplan for region 1. Handsaming av forslag frå sekretariatet før utsending på høyring.

Nemnda vedtok å sende framlegget til forvaltningsplan på høyring med uttalefrist ut mai. Slutthandsaming av planen på møte i august.

Med helsing

Noralv Distad
leiar for rovviltnemnda

Kopi pr epost:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen i Vest-Agder

Direktoratet for Naturforvaltning v/Susanne Hanssen

Birger Aasland, her